



# STATISTIKK FOR ARKIVINSTITUSJONAR OG ARKIV I BIBLIOTEK OG MUSEUM 2019



# INNHALD

<b>STATISTIKKEN I KORTE TREKK</b>	<b>3</b>
<b>BESTAND TOTALT BEVART</b>	<b>4</b>
Bestand og tilvekst	4
Tilrettelegging for bruk	5
Digitalisering av papirmateriale	9
Digitalt skapt materiale	10
Oppbevaringsforhold	12
<b>BEVARTE PRIVATARKIV</b>	<b>14</b>
Bestand, tilvekst og tal på privatarkiv	14
Tilrettelegging for bruk	17
Digitalt skapt materiale	19
Institusjonane med mest privatarkiv	20
<b>AUDIOVISUELT MATERIALE</b>	<b>22</b>
Foto	22
Film og lyd	23
Lagringsforhold for audiovisuelt arkivmateriale	25
<b>TILGJENGE OG BRUK</b>	<b>26</b>
Tilgjenge til arkivkatalogar på lesesal og nett	26
Besøk, utlån og førespurnader på lesesal	28
Bruk og besøk i Digitalarkivet	29
Nettsidebruk i arkivinstitusjonar	30
<b>ÅRSVERK OG ØKONOMI</b>	<b>31</b>
<b>MEIR OM ARKIVINSTITUSJONANE</b>	<b>33</b>
<b>OM STATISTIKKEN</b>	<b>35</b>
<b>VEDLEGG 1: INNDELING INSTITUSJONSTYPAR</b>	<b>36</b>
Arkivinstitusjonar	36
Museum	36
Bibliotek	37

# I KORTE TREKK

Ved utgangen av 2019 var det totalt bevart 598 765 hyllemeter (heretter: hm) arkiv i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Det historiske arkivmaterialet kan stå tett i tett i ei rekke frå Stovner i Oslo til Steinkjer. Heile 91 % av arkivmaterialet, målt i hyllemeter, blir bevart i reine arkivinstitusjonar. Musea og biblioteka bevarer til saman ca. 9 % av den totale arkivmengda.

Den samla tilveksten for 2019 er 27 029 hm. Tilveksten er i hovudsak i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, som hadde ein samla tilvekst på heile 21 483 hm. Det følgjer naturleg av kommune- og regionreforma at meir materiale er blitt avlevert til desse institusjonane i 2019.

Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjer 428 300 hm, det vil seie litt under 72 % av total bestand. Mange museum og bibliotek har ikkje tatt i bruk fagsystemet Asta, og publiserer derfor ikkje informasjon om arkiva sine på Arkivportalen.no. Det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Men delen som er publisert har auka jamt dei siste åra og er i snitt på 56 %. Til samanlikning fortsett besøk i Arkivportalen å minke, med ein nedgang på 36 % frå 2018 til 2019. Totalt minkar også besøka på lesesalane, men i dei (fylkes) kommunale arkivinstitusjonane aukar dei. Særleg aukar førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar.

Det var ved utgangen av 2019 bevart 3 583 arkivuttrekk totalt i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Mengda arkivuttrekk og Gigabytes aukar særleg i Arkivverket og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Dei sistnemnde har òg dobla mengda GB frå 2018 - mest sannsynleg òg ei følgje av kommune- og regionreforma.

Total bestand av privatarkiv (arkiv frå organisasjonar, bedrifter og privatpersonar) er på 132 122 hm. Samla rapportert tilvekst for privatarkiv i 2019 var 5 774 hm. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde òg størst tilvekst av privatarkiv i hm. Privatarkiv er no 22,1 % av totalt bevart bestand i hyllemeter i Noreg,

og er meir likt fordelt mellom Arkivverket, (fylkes)kommunale institusjonar og museum. Svært lite digitalt skapte privatarkiv er bevart.

Talet på arkiv frå privat sektor som er bevart viser at arkivinstitusjonane stort sett tar vare på meir voluminøse arkiv enn bibliotek og museum som i snitt har mange mindre privatarkiv. Dei 15 største institusjonane på privatarkivfeltet bevarer 74 % av materialet. Her er mange institusjonar med små mengder materiale.

Status i 2019 er at ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna. Meir alvorleg er at informasjon om at arkiva finst bevart er tilgjengeleg på den nasjonale tenesta for berre 44 % av privatarkiva. Men vi ser ein auke i privatarkiv på Arkivportalen.no på over 13 % i 2019. Det er altså eit stort potensiale for å publisere informasjon om fleire arkiv på Arkivportalen.no.

Tala for det audiovisuelle materialet syner markante endringar frå rapporteringa for 2018. Både tala på foto, lyd og film tyder på at institusjonane arbeider med dette materialet. Samstundes er endringane i tala framleis usikre, og det er framleis for tidleg å trekke konklusjonar.

Tala på den totale nettsidebruken er uendra. Inkludert Digitalarkivet er det nær 2,5 millionar brukarar som ein gong i løpet av 2019 har besøkt nettstaden til ein av dei 31 arkivinstitusjonane i Noreg. Digitalarkivet hadde 6,2 millionar besøk i 2019. Same året opna Digitalarkivet for kommunale og private bevaringsinstitusjonar. 26 bevaringsinstitusjonar gjer arkiva sine tilgjengelege på Digitalarkivet.

Institusjonane har 722 arkivfaglege årsverk, eller 843 arkivrelaterte årsverk, til saman.

Arkivinstitusjonane har denne gongen rapportert inn at dei har styrka sine aktivitetar mot publikum og eigarar.

# BESTAND TOTALT BEVART


## BESTAND OG TILVEKST

Ved utgangen av 2019 var det totalt bevart 598 765 hyllemeter (heretter: hm) arkiv i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Det historiske arkivmaterialet i norske bevaringsinstitusjonar kan stå tett i tett i ei rekke frå Stovner i Oslo til Steinkjer.

Heile 91 % av arkivmaterialet, målt i hyllemeter, blir bevart i det vi har definert som reine arkivinstitusjonar. Arkiverket bevarer 270 760 hm, og dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (heretter kalla: (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar) bevarer til saman 259 680 hm. Dei andre arkivinstitusjonane, mellom dei Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Misjons- og diakoniarkivet, VID, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Stortingsarkivet bevarer 14 621 hm.

Musea og biblioteka bevarer til saman ca. 9 % av den totale arkivmengda – 53 704 hm.

Figur 1: Fordeling av hyllemeter total arkivbestand etter institusjonstype pr. 2019




Arkivinstitusjonane bevarer både offentlege arkiv og privatarkiv – arkiv etter organisasjonar, bedrifter og personar. Medan museum og bibliotek i all hovudsak bevarer privatarkiv.

Tabell 1: Hyllemeter total arkivbestand med tilvekst etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Tilvekst totalt 2019
Arkiverket	270 760	1 881
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	259 680	21 483
Andre arkivinstitusjonar	14 621	644
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>545 061</b>	<b>24 008</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	14 224	735
Folkebibliotek	2 654	1 155
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 669	15
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>18 547</b>	<b>1 905</b>
<b>Museum</b>	<b>35 157</b>	<b>1 116</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>598 765</b>	<b>27 029</b>

Den samla tilveksten for 2019 er 27 029 hm – noko meir enn i 2018. Tilveksten er – som i 2018 – i hovudsak i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, som hadde ein samla tilvekst på heile 21 483 hm.<sup>1</sup> Det følgjer naturleg av kommune- og regionreforma at meir materiale er blitt avlevert til desse institusjonane i 2019. Arkivverket sin tilvekst har minka dei siste åra grunna mediekonvertering.<sup>2</sup>

Figur 2: Utvikling i hyllemeter total arkivbestand 2014-2019




Talet på bevarte hyllemeter arkiv totalt har auka med 18,6 % frå 2014.

## TILRETTELEGGING FOR BRUK

Materialet som kjem inn til institusjonane må leggest til rette for bruk gjennom ordning og katalogisering.<sup>3</sup> Det vil alltid vere eit visst etterslep i dette arbeidet. Delen ordna materiale avgjer kor mykje av det bevarte materialet som kan brukast. Delen varierer mellom dei ulike institusjonstypene.

Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjer 428 300 hm, det vil seie litt under 72 % av total bestand. Kommunale arkiv er i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekker totalsnittet ned. Men desse har trass i ein tilvekst på i overkant av 21 000 hm siste året, halde ordningsgraden sin relativt stabil. Museum og lokalhistoriske arkiv og samlingar har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 60 %.

Figur 3: Total del hyllemeter arkiv som er ordna pr. 2019



<sup>1</sup> Samla tilvekst 23 778 hm i 2018. I dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane var tilveksten 17 741 hm i 2018.

<sup>2</sup> Gjennom mediekonvertering (skanning av papirarkiv) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i statsforvaltninga vil bli levert inn digitalt.


<sup>3</sup> Registrering av metadata om eller beskriving av innhald i arkivet.

Tabell 2: Hyllemeter total arkivbestand og del som er ordna totalt etter institusjonstype pr. 2019


Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Hyllemeter totalt ordna	Total del som er ordna
Arkivverket	270 760	209 854	78 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	259 680	171 404	66 %
Andre arkivinstitusjonar	14 621	13 129	90 %
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>545 061</b>	<b>394 387</b>	<b>72 %</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	14 224	9 758	69 %
Folkebibliotek	2 654	2 044	77 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 669	1 011	61 %
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>18 547</b>	<b>12 813</b>	<b>69 %</b>
<b>Museum</b>	<b>35 157</b>	<b>21 100</b>	<b>60 %</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>598 765</b>	<b>428 300</b>	<b>72 %</b>

Registreringssystemet Asta er det nasjonale verktøyet for forvaltning av og informasjon om historiske arkiv. I systemet registrerast opplysningar om arkivskapar og arkiv, og om bestanddelar av arkivet. For å kunne publisere denne arkivinformasjonen (kataloginformasjon) på Arkivportalen.no, og slik gjere han tilgjengeleg for publikum, er det ein føresetnad at materialet først er registrert i Asta.

Figur 4: Del arkiv totalt som er registrert i fagsystemet Asta pr. 2019




Figur 5: Del arkiv (kataloginformasjon) totalt som er publisert på Arkivportalen.no pr. 2019



Tabell 3: Registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Tal på arkiv	Tal på arkiv registrert i Asta	Del arkiv registrert i Asta	Tal på arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no	Del arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no
Arkivverket	25 278	25 278	100 %	24 752	98 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	55 596	51 385	92 %	30 259	54 %
Andre arkivinstitusjonar	2 924	2 825	97 %	2 218	76 %
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>83 798</b>	<b>79 488</b>	<b>95 %</b>	<b>57 229</b>	<b>68 %</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	7 879	1 439	18 %	1 256	16 %
Folkebibliotek	1 454	67	5 %	0	0 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 860	347	19 %	128	7 %
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>11 193</b>	<b>1 853</b>	<b>17 %</b>	<b>1 384</b>	<b>12 %</b>
<b>Museum</b>	<b>19 247</b>	<b>11 009</b>	<b>57 %</b>	<b>4 821</b>	<b>25 %</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>114 238</b>	<b>92 350</b>	<b>81 %</b>	<b>63 434</b>	<b>56 %</b>

Figur 6: Del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) etter institusjonstype pr. 2019




Arkivverket har registrert alle arkiva sine i Asta, og det høge talet registrerte arkivstykke og mapper viser òg eit høgt nivå av detaljregistrering av dei ulike bestanddelane av arkiva. Andre arkivinstitusjonar har registrert heile 97 % av arkiva, og publisert informasjon om 76 %.

Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har totalt sett registrert flest arkiv i Asta, men diverre publisert informasjon om berre 54 % av arkiva sine på Arkivportalen.no. Musea har registrert 57 % av arkiva, men berre publisert informasjon om 25 %. Biblioteka har registrert ein veldig liten del av sine arkiv i Asta, der berre i snitt ca. 17 % av arkiva dei oppbevarer er registrerte i Asta og berre 12 % av dei er på Arkivportalen.no. Nasjonalbiblioteket oppbevarer i alt heile 6 250 arkiv (privatarkiv), men har ikkje registrert desse i Asta.

Det er generelt mange museum og bibliotek, som har privatarkiv, som enno ikkje har tatt i bruk Asta, langt mindre publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen.no. Men det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Men delen som er publisert ha auka jamt dei siste åra.

**Figur 7: Utvikling i del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt 2016-2019**





## DIGITALISERING AV PAPIRMATERIALE

Tabell 4: Digitaliserte sider totalt og del av totalbestand som er digitalisert etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Sider totalt (overslag: 10 000 sider pr. hm*)	Digitaliserte sider	Del av papirarkiv som er digitalisert**
Arkivverket	270 760	2 707 600 000	61 544 721	2,3 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	259 680	2 596 800 000	26 394 045	1,0 %
Andre arkivinstitusjonar	14 621	146 210 000	243 100	0,2 %
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>545 061</b>	<b>5 450 610 000</b>	<b>88 181 866</b>	<b>1,6 %</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	14 224	142 240 000	447 239	0,3 %
Folkebibliotek	2 654	26 540 000	21 987	0,1 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 669	16 690 000	6 622	0,0 %
<b>SUM BIBLIOTEK/ LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>18 547</b>	<b>185 470 000</b>	<b>475 848</b>	<b>0,3 %</b>
<b>Museum</b>	<b>35 157</b>	<b>351 570 000</b>	<b>739 574</b>	<b>0,2 %</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>598 765</b>	<b>5 987 650 000</b>	<b>89 397 288</b>	<b>1,5 %</b>


\* Talet viser kor mange sider institusjonane bevarer dersom vi legg til grunn at ein hyllemeter inneheld 10 000 sider papir. Merk at talet på kor mange sider ein hyllemeter inneheld i realiteten varierer stort grunna ulikt arkivmateriale og ulik oppstilling av arkivmateriale.

\*\* Talet er rekna ut ved å dele tal på digitaliserte sider på tal på (overslag) sider totalt. Utrekninga tar ikkje omsyn til om nokre av arkivdokumenta er kassert/destruert etter digitalisering.

Som tidlegare år har Arkivverket den største mengda digitaliserte sider, men dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane kjem godt etter. I 2019 auka talet på digitaliserte sider med nær 5,5 millionar. Størst var auken i Arkivverket, og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar og fagbibliotek har også hatt ein auke. Elles har tala vore varierende frå år til år, også innanfor same bevaringsinstitusjon. Det verkar no som om rapporteringa er blitt meir stabil.

Digitalisering av det analoge materialet vert gjort for å gjere det meir tilgjengeleg. Publisering av det digitaliserte materialet vert gjort på ein eller fleire stader, eksempelvis regionale samarbeidsløysingar, eigen nettstad, Digitalarkivet, Digitalt museum (foto) eller Oslofilmer (film) og bruk av LoCloud, SoundCloud, YouTube o.a.<sup>4</sup>

Figur 8: Utvikling i digitalisering av sider (papir) totalt 2016-2019



<sup>4</sup>Digitalarkivet er nyleg opna for alle bevaringsinstitusjonar.

## DIGITALT SKAPT MATERIALE

Det var ved utgangen av 2019 bevart 3 583 arkivuttrekk<sup>5</sup> totalt i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Institusjonane skulle for tredje gong også oppgi mengde digitalt skapt arkivmateriale i Gigabytes (GB). Mengda arkivuttrekk og GB aukar særleg i Arkivverket og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har no for første gong fleire arkivuttrekk (frå offentleg sektor) enn Arkivverket. Dei sistnemnde har òg dobla mengda GB frå 2018. Det kan ein, som for papirbasert materiale, mest sannsynleg sjå som følgje av kommune- og regionreforma.


Tabell 5: Digitalt skapt arkivmateriale totalt etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Total uttrekk	GB
Arkivverket	1 552	18 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	1 678	48 877
Andre arkivinstitusjonar	7	29 137
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>3 237</b>	<b>96 014</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	50	10 501
Folkebibliotek	4	17
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	0	25
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>54</b>	<b>10 534</b>
<b>Museum</b>	<b>292</b>	<b>1 816</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>3 583</b>	<b>108 373</b>

Enkelte arkivinstitusjonar har meldt inn at dei per d.d. ikkje har moglegheit til å rapportere noko tal i GB. Berre eit fåtal av musea (12) og biblioteka (5) har oppgitt GB. Til saman er litt over 108 373 GB rapportert inn for 2019 – over ei dobling frå 2017.


<sup>5</sup> Med arkivuttrekk meiner ein å eksportere intern databaseinnhald i eit datasystem til ein struktur som er meir eigna for langtidsbevaring i eit digitalt depot

Figur 9: Del av uttrekk totalt og del av GB totalt etter institusjonstype pr. 2019




Ei stor mengde GB finst hos Arkivverket og i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Men den største mengda data (19 567 GB) hos ein enkeltinstitusjon finst hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans som oppbevarer mykje foto-, lyd- og film/videomateriale – eit materiale som tar mykje plass. Dernest kjem Arkivverket med 18 000 GB, Fylkesarkivet i Oppland med 15 618, IKA Kongsberg med 10 735, UB Bergen med 10 500, IKA Vest-Agder med 6 739 og Norsk Lydinstitutt med 6 000 GB rangert etter mengde.

Figur 10: Utvikling i talet på arkivuttrekk totalt 2014-2019



Figur 10 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2014 til 2019. Talet på uttrekk har i denne perioden auka frå 1 860 til 3 583 bevarte uttrekk.

Figur 11: Utvikling i talet på Gigabytes arkivmateriale totalt 2017-2019




Figur 11 viser utviklinga i talet på mengde digitalt arkivmateriale målt i Gigabytes. Mengda Gigabytes har vorte meir enn dobla frå 2017 til 2019.

## OPPBEVARINGSFORHOLD

For bevaringsinstitusjonane er det ei viktig oppgåve å sikre det fysiske arkivmateriale mot forhold som kan redusere kvaliteten eller tilgjengelegheita. Institusjonane får spørsmål om det er registrert skadar siste året, og om materialet det siste året har vore tilstrekkeleg sikra. I tillegg får dei eit eige spørsmål om spesiell sikring av audiovisuelt materiale (sjå eige kapittel).

Figur 12: Registrert skade i arkivlokale i 2019




Av alle bevaringsinstitusjonane har 12 stk. registrert skade etter vassinntrenging eller vasskade, og 22 stk. har registrert skade som heng saman med klimatiske tilhøve i magasin siste året.

## Arkivlokale i arkivinstitusjonar

Arkivlokala i arkivinstitusjonane er i hovudsak godt sikra mot dei fleste forhold, men vi ser at berre 24 av dei 31 arkivinstitusjonane har god nok sikring mot klimatiske forhold. Tre institusjonar er ikkje eller veit ikkje om dei er sikra godt nok mot fukt, og to institusjonar ser graden som alvorleg. To institusjonar er heller ikkje sikra godt nok mot brann, men her ser ein graden som mindre alvorleg.

Figur 13: Sikring av arkivlokale i arkivinstitusjonar pr. 2019




Arkivinstitusjonane er også bedne om å gi eit overslag over ledig magasinkapasitet. Den ledige plassen dei har til å ta imot nytt arkivmateriale er på til saman 112 224 hm. Det er ein reduksjon frå 2018 på 16 967 hm. Riksarkivaren si kartlegging (2015) stipulerte rundt 190 000 hm papirarkiv ute i statleg forvaltning.<sup>6</sup> Gjennom mediekonvertering (skanning av papirarkiv) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i statsforvaltninga vil bli levert inn digitalt.

Riksarkivaren si årlege undersøking av kommunale arkivtenester for 2016 melde om rundt 240 000 hm papirarkiv ute i kommunane.<sup>7</sup> I tillegg er det eit stort etterslep på bevaring av privatarkiv.

## Arkivlokale i bibliotek og museum

I bibliotek og museum er den generelle sikringa av arkivlokala dårlegare enn for arkivinstitusjonane. 91 av dei spurde institusjonane har sikra lokala mot skade, tjuveri og brann. Berre 67 av institusjonane har sikra lokala mot klimatiske forhold og 71 institusjonar mot fukt. Godt over 10 % veit heller ikkje om lokala er sikra godt nok.

Figur 14: Sikring av arkivlokale i bibliotek og museum pr. 2019



<sup>6</sup> Sjø: Arkivverket: Kartlegging av fysisk og elektronisk skapt materiale i statlig sektor (2015), <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/statlige-arkiver-2/kartlegging-av-fysisk-og-elektronisk-skapt-materiale-i-statlig-sektor-2015>.

<sup>7</sup> Sjø: Arkivverket: Riksarkivarens undersøking for kommunale arkivtenester 2016, <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/kommunearkiver/tidligere-ar-publikasjoner-og-radata>


# PRIVATARKIV

Privatarkiv – arkiv skapt av organisasjonar, bedrifter og privatpersonar - blir bevart gjennom frivillig overlevering til ein bevaringsinstitusjon. Det er opp til den einkilde private aktøren å inngå avtale om dette. Institusjonane vel aktivt ut aktørar for bevaring – motsett offentlig sektor der alle aktørar blir vurderte og noko bevart. Ofte har bevaringsinstitusjonane tatt imot privatarkiv om dei har hatt ressursar til det. Særs mange bevaringsinstitusjonar av alle typar tar vare på privatarkiv – i alt 138 av dei spurte svarer dei tar vare på privatarkiv. Men mange av desse arkiva er små, og den einkilde institusjonen har ofte ei lita mengde privatarkivmateriale.

## BESTAND, TILVEKST OG TAL PÅ PRIVATARKIV


Total bestand av privatarkiv er på 132 122 om ein reknar i hyllemeter. Det er ein auke i reine hyllemeter på i overkant av 20 % frå 2014. Samla rapportert tilvekst for privatarkiv i 2019 var 5 774 hm. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde òg størst tilvekst av privatarkiv i hm.

Figur 15: Utvikling av hyllemeter bevarte privatarkiv totalt 2014-2019




Privatarkiv har i hyllemeter auka med 20,3 % sidan 2014, mens totalmengda har auka med 18,6 %.

**Figur 16: Fordeling av arkivbestand i hyllemeter av privatarkiv og offentlege arkiv pr. 2019**



Privatarkiv er no 22,1 % av den totalt bevarte bestanden i hyllemeter i Noreg, om lag som i 2014. Prosentdelen auka nokre år, men mottak av større etterslep frå (fylkes) kommunal sektor har utjamna denne auken (Fig. 18).

**Figur 17: Utvikling i del privatarkiv av total arkivbestand 2014-2019**



Samstundes bevarer institusjonane samla sett omtrent like mange arkiv som er frå private aktørar som frå offentlege aktørar. Talet på bevarte arkiv frå privat sektor er i overkant av 55 000 – eller heile 48 % av dei bevarte arkiva. Det viser at dei bevarte privatarkiva stort sett i snitt er mykje mindre enn dei offentlege arkiva. Men ingen av desse måla seier noko om kvaliteten på det som er bevart. Vi veit lite om kor komplette alle dei bevarte privatarkiva er. Nokre av arkiva er berre brokkar av arkiv.<sup>8</sup> Aller viktigast er likevel kva for utval av privatarkiv som er bevart. Er det representativt for privat samfunnssektor i Noreg? Ei systematisk tilnærming til slike spørsmål er relativt nytt i bevaringa av privatarkiv. Først i 2015 fekk vi Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet der utvikling av bevaringsplanar og proaktiv innsamling er ein viktig del.<sup>9</sup> Riksarkivaren sine utviklingsmidlar har vore nytta til å utvikle fleire regionale bevaringsplanar for privatarkiv sidan.<sup>10</sup>

<sup>8</sup> Jf. rapporten ABM-skrift #40. Til kildene! Kartlegging av regionale og lokale arkiver (Kulturrådet, 2007).


<sup>9</sup> Arkiverket. Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet, <https://www.arkiverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor/nasjonal-strategi-for-privatarkivarbeidet>

<sup>10</sup> Dette er tippemidlar, som Arkiverket forvaltar.

Tabell 6: Privatarkivbestand - hyllemeter, tilvekst, tal på arkiv etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Hyllemeter privatarkiv	Tilvekst hyllemeter privatarkiv 2019	Tal på privatarkiv
Arkivverket	38 145	615	10 650
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	32 644	1 354	12 922
Andre arkivinstitusjonar	12 619	965	2 894
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>83 408</b>	<b>2 934</b>	<b>26 466</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	14 199	734	7 865
Folkebibliotek	1 918	1 075	1 400
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 291	16	1 510
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>17 408</b>	<b>1 825</b>	<b>10 775</b>
<b>Museum</b>	<b>31 306</b>	<b>1 015</b>	<b>17 807</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>132 122</b>	<b>5 774</b>	<b>55 048</b>

Figur 18: Fordeling av privatarkivbestand etter institusjonstype i hyllemeter pr. 2019



Fordelinga av privatarkivbestanden mellom typar bevaringsinstitusjonar rekna i hyllemeter er heilt annleis enn for totalbestanden av arkiv. Det er for privatarkiv ei meir lik fordeling i hyllemeter mellom Arkivverket, (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar og museum. Mens andre arkivinstitusjonar har om lag 10 % av bestanden av privatarkiv og bibliotek og lokalhistoriske arkiv om lag 13 %.


Av talet på arkiv frå privat sektor som er bevart går det fram at arkivinstitusjonane stort sett tar vare på meir voluminøse arkiv enn bibliotek og museum som i snitt har mange mindre privatarkiv.




## TILRETTELEGGING FOR BRUK

Ikkje alle privatarkiv som er bevart er tilrettelagt for bruk. Dei er i mindre grad enn offentlege arkiv ordna, registrerte i fagsystem og informasjonen om arkiva er i mindre grad publisert på den nasjonale tenesta for kataloginformasjon, Arkivportalen.no. Dette gjer det desto vanskelegare for alle slags brukarar å finne ut kva som er bevart og kvar ein kan finne det. I tillegg kjem, som nemnt, at arkiv etter private aktørar er frivillig å ta vare på.

Figur 19: Del hyllemeter privatarkiv som er ordna pr. 2019



Figur 20: Del katalogar for privatarkiv publisert på Arkivportalen.no pr. 2019



Arkivmateriale må vere ordna og katalogisert for å vere mogleg å finne fram i. Det er, og vil alltid vere eit visst etterslep i ordning og katalogisering. Men dette er langt større for privatarkiv enn for offentlege arkiv. Status i 2019 er altså at ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna. Meir alvorleg er at informasjon om at arkiva finst bevart er tilgjengeleg på den nasjonale tenesta for berre 44 % av arkiva.


Tabell 7: Privatarkivbestand – ordning, tal på arkiv, publiserte privatarkiv (katalogar) med del etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Privatarkiv del av hm som er ordna	Tal på arkiv privat	Tal arkiv privat (katalogar) publisert på Arkivportalen.no*	Del arkiv privat publisert på Arkivportalen.no
Arkiverket	71 %	10 650		-
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	54 %	12 922		-
Andre arkivinstitusjonar	90 %	2 894		-
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>67 %</b>	<b>26 466</b>		-
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	73 %	7 865		-
Folkebibliotek	68 %	1 400		-
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	57 %	1 510		-
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>71 %</b>	<b>10 775</b>		-
<b>Museum</b>	<b>63 %</b>	<b>17 807</b>		-
<b>SUM ALLE</b>	<b>67 %</b>	<b>55 048</b>	<b>24 459</b>	<b>44 %</b>

\* Tal henta direkte frå Arkivportalen.no 31.12.19 – del for privatarkiv ikkje rapportert inn i arkivstatistikken av institusjonane

Men vi ser ein auke i registrerte privatarkiv på Arkivportalen.no på over 13 % i 2019. Så relevant informasjon om bevarte privatarkiv er blitt meir tilgjengeleg for alle typar brukarar siste året. Talet privatarkiv på Arkivportalen.no har auka med 5 262 sidan utgangen av 2016. Talet på publiserte privatarkiv (kataloginformasjon) er framleis låg, men auken på desse åra har vore på 27,4 %, og delen har gått opp med nesten 10 prosentpoeng på 3 år. Arbeidet med regionale bevaringsplanar for privatarkiv har ført til ein viss auke.

**Figur 21: Utvikling i del av privatarkiv (kataloginformasjon) publiserte på Arkivportalen.no 2016-2019**



Vi har ikkje tal på kvar einiskild institusjon sine publiseringar av kataloginformasjon om privatarkiv spesielt på Arkivportalen.no. Det vi får rapportert er at Arkivverket har publisert størstedelen av arkiva på Arkivportalen.no. Deretter kjem andre arkivinstitusjonar og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Tala viser at bibliotek og museum - som i all hovudsak berre bevarer privatarkiv - er institusjonstypene som publiserer minst materiale. Spesielt gjeld dette for biblioteka, der i snitt berre kataloginformasjon om 12 % av arkiva dei oppbevarer er registrerte i Asta og publiserte på Arkivportalen.no. Musea har publisert informasjon om 25 % av arkiva sine. Museum og bibliotek har så å seie berre privatarkiv, og desse er det for brukarar nær uråd å vite at finst, om det ikkje er enkelt å søke opp informasjon.

Det er altså eit stort potensiale for å publisere informasjon om fleire arkiv på Arkivportalen.no. Gevinsten er absolutt størst for privatarkiv.

I 2019 vart elles Digitalarkivet peika ut som ei nasjonal fellesløsning for publisering og langtidslagring av arkiv. I åra framover vil vi sjå om det kan føre til at fleire privatarkiv også blir lettare tilgjengelege for brukarane.

## DIGITALT SKAPT MATERIALE

Det var ved utgangen av 2019 bevart 454 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Dette er relativt lite, og kva er det egentleg?


Tabell 8: Digitalt skapt privatarkivmateriale totalt pr. 2019 etter institusjonstype

Institusjonstype	Private uttrekk
Arkivverket	58
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	43
Andre arkivinstitusjonar	7
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>108</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	50
Folkebibliotek	4
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	0
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>54</b>
<b>Museum</b>	<b>292</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>454</b>

Med arkivuttrekk meiner ein å eksportere internt databaseinnhald i eit datasystem til ein struktur som er meir eigna for langtidsbevaring i eit digitalt depot. I offentleg forvaltning og i institusjonane som er depot for offentleg materiale er «arkivuttrekk» eit kjent omgrep. Digitalt skapt materiale frå private aktørar kjem som regel inn til bevaringsinstitusjonane som lause filstrukturar på harddisk, minnepinne, cd-rom eller liknande. Derfor er det nok heller alle slike digitale førekomstar av arkiv ein del institusjonar har oppgitt som private uttrekk. Desse har hittil sjeldan komme inn i ein struktur som er eigna for langtidslagring.

Om vi vurderer også mengde Gigabytes (GB) som i førre kapittel, ser vi at biletet er noko annleis, også for privatarkiv. Den største mengda data - heile 19 567 GB - hos ein enkeltinstitusjon finst hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans som oppbevarer mykje foto-, lyd- og film/videomateriale - ein materialtype som tar mykje plass. Dernest kjem - av institusjonar som i hovudsak tar vare på privatarkiv - UB Bergen (med Skeivt arkiv og spesialsamlingane) med 10 500 GB og Norsk Lydinstitutt med 6000 GB rangert etter mengde.

Figur 22: Utvikling i talet på uttrekk av privatarkiv 2014-2019



Figur 22 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2014 til 2019. Totalt er det bevart 3 583 uttrekk. Talet på offentlege uttrekk har auka med nær 70 %. Talet på uttrekk frå private aktørar har i den same perioden auka frå 10 til 454. Men jamført med talet for offentlig sektor er det eit lågt samla tal for privatarkiv som syner at bevaring av digitalt skapte privatarkiv er komme svært kort.

## INSTITUSJONANE MED MEST PRIVATARKIV

Vi kan sjå nærare på dei største institusjonane på privatarkivfeltet, som vi i utgangspunktet må vurdere ut frå talet på hyllemeter privatarkiv. Samanstillinga viser at dei 15 største institusjonane på feltet bevarer 74 % av materialet. Alle dei resterande 123 bevaringsinstitusjonane med privatarkiv i statistikken har mindre bestandar av privatarkiv, mange heilt ned i éin hyllemeter.

Vi får òg store forskjellar i korleis bestanden er sett saman, jf. tabell 13. Ofte har dei med mange hyllemeter privatarkiv også mange arkiv bevart. Men ein ser ein tydeleg variasjon i storleiken på arkiva. T.d. har Nasjonalbiblioteket særskilt mange små arkiv, mens Arkivverket har fleire større.

Talgrunlaget for bevarte uttrekk frå private aktørar er nok for spinkelt til å gjere anna enn å konkludere med at nokre få institusjonar har bevart svært lite, og mykje av det er kan hende ikkje reelle uttrekk. Vi ser også at arkivinstitusjonar som Fylkesarkivet i Oppland har bevart relativt mange uttrekk frå private aktørar.

**Tabell 9: Oversikt over institusjonane som har flest hyllemeter privatarkiv pr. 2019, jf. med tal på arkiv og uttrekk frå private aktørar. Total arkivbestand i institusjonen i grått**

Nr	Institusjonstype	Privatarkiv bestand hm	Privatarkiv tal på arkiv	Bevarte uttrekk frå private aktørar*	Total bestand hm
1	Arkivverket	38 145	10 650	58	270 760
2	Bergen byarkiv	12 384	2 721	10	40 920
3	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	8 286	2 164	1	8 286
4	Nasjonalbiblioteket	6 270	6 250	28	6 270
5	Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og Spesialsamlingene)	4 606	165	21	4 606
6	Vestfoldarkivet	4 189	1 814	1	6 191
7	Aust-Agder museum og arkiv	3 320	1 797	0	9 801
8	Arkiv i Nordland	2 990	1 009	0	9 116
9	Østfoldmuseene	2 682	1 071	2	2 794
10	NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim	2 620	642	0	2 620
11	Oslo byarkiv	2 545	427	0	23 162
12	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	2 446	1 966	0	7 292
13	Misjons- og diakoniarkivet, VID	2 438	511	3	2 438
14	Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)	2 400	1 950	0	2 400
15	AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industrierbeidermuseum)	2 205	1 090	0	2 205
	<b>SUM PRIVATARKIV 15 STØRSTE</b>	<b>97 526</b>	<b>34 227</b>	<b>124</b>	<b>433 088</b>

\* Med uttrekk forstås ein eksport av databaseinnhald til struktur eigna for langtidslagring. Vi forstås det likevel slik at arkivinstitusjonar rapporterer om uttrekk som følgjer standarden, mens museum og bibliotek nemner alle digitale førekomstar av arkiv, t.d. på minnepinnar ol.

Det er òg interessant å sjå på talet for GB totalt<sup>11</sup> bevart i institusjonane som bevarer privatarkiv opp mot talet på uttrekk frå private aktørar. Mengda uttrekk samsvarer ofte ikkje med talet på GB, typen bevart materiale – som stor del audiovisuelt materiale – spiller inn.

**Tabell 10: Oversikt over institusjonar som har flest oppgitte uttrekk frå private aktørar og bevarte GB (totalt) i 2019. Tal på hm privatarkiv og tal på privatarkiv i grått**

Nr	Institusjonstype	Bevarte GB totalt i institusjon*	Bevarte uttrekk frå private aktørar**	Privatarkiv bestand hm	Privatarkiv tal på arkiv
1	Norsk senter for folkemusikk og folkedans	19 567	3	623	21
2	Arkivverket	18 000	58	38 145	10 650
3	Fylkesarkivet i Oppland	15 618	25	770	17
4	Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og Spesialsamlingene)	10 500	21	4 606	165
5	Norsk Lydinstitutt	6 000		27	
6	Misjons- og diakoniarkivet, VID	2 010	3	2 438	511
7	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	1 560	1	8 286	2 164

\* For institusjonar med meir enn 1 500 GB og som samstundes oppgir uttrekk frå private aktørar.

\*\* Sjå tabell 9

<sup>11</sup> GB kan vere både digitalt skapt og digitalisert materiale frå offentleg og privat sektor.

# AUDIOVISUELT MATERIALE

Audiovisuelt materiale er eit omgrep som nyttast som ei samlenemning på materiale som fotografi, lydfiler og film i ulike format (heretter kalla AV-materiale). Arkivstatistikken har i fleire år henta inn tal for slikt materiale, og vist at institusjonane har rikhaldige samlingar. Statistikkinnhentinga har òg avdekkja at mykje av AV-materialet ikkje har vore lagra under eigna oppbevaringsforhold. Då AV-materiale er særleg utsett for nedbryting, følgjer vi ekstra nøye med på tala for dette materialet.

Ei positiv utvikling er at Nasjonalbiblioteket i 2018 fekk 10 mill. kroner over statsbudsjettet, for å kartleggje AV-materiale og lage ein digitaliseringsplan.<sup>12</sup> Endringar i tala for 2019 i Arkivstatistikken kan henge saman med at institusjonane denne gongen har gått særleg nøye gjennom AV-materialet sitt, grunna denne kartlegginga.

## FOTO

Dei norske institusjonane bevarer mykje foto. Dei store mengdene er analoge foto, men delen digitalt skapte foto aukar jamt. Bevaring av foto i arkivinstitusjonane har auka noko sidan 2018, men tala for bevaring av foto ved bibliotek, lokalhistoriske samlingar og museum har blitt kraftig redusert frå målinga året før. I 2018 rapporterte bibliotek, lokalhistoriske samlingar og museum om 23 511 323 foto. Tal for 2019 er 7 462 505, noko som utgjer ein nedgang på 16 048 818 foto.

Forklaringa på denne endringa må vere å finne i utfordringa museumsinstitusjonane har hatt, med å kategorisere kva som skal rapporterast til museumsstatistikken og kva som skal rapporterast til arkivstatistikken om foto i privatarkiv. I 2019 har Kulturrådet sendt ut ei rettleiing som skulle klargjere rapporteringa.<sup>13</sup> Det kan sjå ut til at dette har ført til at institusjonane har rapportert annleis, slik at tala for arkivstatistikken i 2019 er kraftig endra. Dette utgjer ein stor del. Samstundes manglar rapportering frå Nasjonalbiblioteket, som aleine gir ein reduksjon på 9 millionar foto. Gitt denne utviklinga, gir det lita meining å samanlikne tala for bibliotek, lokalhistoriske samlingar og museum med dei for 2018.

Tala for arkivinstitusjonane syner at Arkivverket sin fotobestand er uendra, både i tal på foto totalt og registrering. Derimot rapporterer dei ein auke i digitaliserte foto frå 2018 på 98 559. Auken skyldast betra rapporteringsrutinar. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane syner ein auke i tal på foto. Ved dei andre arkivinstitusjonane har det blitt gjort mykje registreringsarbeid som gir auka tal på foto i katalogsystem. Totalt sett har arkivinstitusjonane lågast del digitaliserte foto av totalbestanden.

Bibliotek og lokalhistoriske samlingar har digitalisert mest av sin fotobestand med ein total prosent på 15,7 for denne kategorien. Rapporteringa frå musea syner ein digitaliseringsprosent på 8,8.

<sup>12</sup> Kartlegging av audiovisuelt materiale i ABM-institusjoner. Nasjonalbiblioteket 2019, <https://www.nb.no/content/uploads/2019/06/AV-materiale-i-ABM-institusjoner.pdf>

<sup>13</sup> Lenke til Kulturrådet, Hjelpetekster museumsstatistikk for 2019: <https://www.kulturradet.no/documents/10157/a35b4864-b427-424c-9f62-7f7a8bf7d8b8>

Tabell 11: Foto totalt, registrert og digitalisert etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Foto totalt	Foto registrert i katalogsystem	Foto digitalisert	Del av foto som er digitalisert*
Arkivverket	6 500 000	150 000	150 413	2,3 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	7 932 063	607 795	530 163	6,7 %
Andre arkivinstitusjonar	5 347 836	693 472	99 162	1,9 %
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>19 779 899</b>	<b>1 451 267</b>	<b>779 738</b>	<b>3,9 %</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	2 513 151	329 710	177 323	7,1 %
Folkebibliotek	65 191	50 678	42 078	64,5 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	431 305	104 135	252 260	58,5 %
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>3 009 647</b>	<b>484 523</b>	<b>471 661</b>	<b>15,7 %</b>
<b>Museum</b>	<b>4 452 858</b>	<b>1 055 050</b>	<b>391 482</b>	<b>8,8 %</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>27 242 404</b>	<b>2 990 840</b>	<b>1 642 881</b>	<b>6,0 %</b>

\* Rekna ut ved å dele foto totalt på digitaliserte foto. Grunnen til at det ikkje er rekna på analoge foto er at svært mange institusjonar berre har fylt ut foto totalt, og hoppa over dei meir detaljerte spørsmåla om foto (slik som tal på analoge foto).

## FILM OG LYD

Arkivstatistikken spør institusjonane om bevaring av film og lyd, og dei seinare åra er institusjonane bedne om å rapportere materialet sitt anten i tal på opptak, i tal på fysiske einingar eller i tal på timar. Det å velje éi måleining vil forhåpentleg gjere det enklare både å rapportere og å måle utvikling. Trass i dette har enkelte av institusjonane rapportert inn i fleire målekategoriar, så det er uklårt om dette utgjør faktisk materiale eller rapportering av det same. Tala bør lesast med omhug grunna moglege førekomstar av dobbel- og trippelrapporteringar av det same materialet.

Ei utfordring har vore at mange av institusjonane ikkje kjenner omfanget av sitt eige audiovisuelle materiale. Derfor er det knytt særleg interesse til endringar i tala for AV-materiale etter Nasjonalbiblioteket si kartlegging og digitalisering, som vart nemnt i innleiinga til kapittelet.

Arkivverket rapporterer berre inn videoberarar, som alle er registrerte i katalogsystem, medan dei fylkeskommunale institusjonane har nytta kategorien opptak òg. Dei andre arkivinstitusjonane melder om både høg bestand av film/videoberarar og heile 1 948 timar med digitalisert film/video. Det er langt lågare tal for biblioteka.

Tabell 12: Film/video totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Film/ video- opptak totalt	Film/ video- opptak digitalisert	Film/ video- berarar totalt	Film/ video- berarar digitalisert	Film/ video timar totalt	Film/ video timar digitalisert
Arkivverket			4 542			40
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	10 580	392	4 020	290	0	0
Andre arkivinstitusjonar	70	370	15 509	48	0	1 948
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>10 650</b>	<b>762</b>	<b>24 071</b>	<b>338</b>	<b>0</b>	<b>1 988</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	1 072	41	56	5	259	35
Folkebibliotek	445	122	168	70	0	0
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	412	0	3 707	1 275	208	40
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>1 929</b>	<b>163</b>	<b>3 931</b>	<b>1 350</b>	<b>467</b>	<b>75</b>
<b>Museum</b>	<b>10 965</b>	<b>1 793</b>	<b>17 336</b>	<b>630</b>	<b>421</b>	<b>17</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>23 544</b>	<b>2 718</b>	<b>45 338</b>	<b>2 318</b>	<b>888</b>	<b>2 080</b>

Tala for lyd syner store endringar frå rapporteringa for 2018. For arkivinstitusjonane ligg talet på lydopptak stabilt, men dei rapporterer inn heile 225 018 lydbærarar mot 22 415 i 2018. Det er i hovudsak dei andre arkivinstitusjonane som står for denne auken. Årsaka er at Norsk Lydinstitutt for 2019 er med i rapporteringa, med sitt høge tal på berarar. Tala for digitalisert lyd er òg annleis hos arkivinstitusjonane denne gongen. Årsaka er at Arkivverket ikkje melder om digitaliserte lydopptak og berarar, medan det er rapportert om digitalisering av heile 5 955 timar, mot null året før. Dette utgjer ei markant endring for arkivinstitusjonane.

Bibliotek og lokalhistoriske samlingar melder om langt fleire lydopptak i sine samlingar i 2019. Heile 76 853 fleire opptak er meldt inn, medan talet på berarar og timar har ein mindre auke. Dei har digitalisert mykje lydopptak, med 65 083 fleire digitaliserte lydopptak og 2 499 fleire digitaliserte lydbærarar. Musea melder om mindre endringar i sine samlingar, men med ein auke på over 1 000 digitaliserte lydbærarar.

Tabell 13: Lyd totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2019

Institusjonstype	Lydopptak totalt	Lydopptak digitalisert	Lydbærarar totalt	Lydbærarar digitalisert	Lyd timar totalt	Lyd timar digitalisert
Arkivverket	24 437		7 750			5 955
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	25 769	19 333	7 237	772	0	0
Andre arkivinstitusjonar	0	2 420	210 031	5	0	1 271
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>50 206</b>	<b>21 753</b>	<b>225 018</b>	<b>777</b>	<b>0</b>	<b>7 226</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	76 160	65 018	233 670	2 600	11 451	523
Folkebibliotek	277	83	213	0	65	65
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2 740	200	1 118	0	600	205
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>79 177</b>	<b>65 301</b>	<b>235 001</b>	<b>2 600</b>	<b>12 116</b>	<b>793</b>
<b>Museum</b>	<b>53 105</b>	<b>46 880</b>	<b>37 661</b>	<b>3 167</b>	<b>1 139</b>	<b>15</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>182 488</b>	<b>133 934</b>	<b>497 680</b>	<b>6 544</b>	<b>13 255</b>	<b>8 034</b>




## LAGRINGSFORHOLD FOR AUDIOVISUELT ARKIVMATERIALE

AV-materiale er sårbart og brytast ned raskt. Digitalisering er eit viktig tiltak for å sikre dette materialet, men også lagringsforhold spiller inn for langsiktig bevaring. Derfor svarer institusjonane på spørsmål om lagringsforhold for dette materialet. Som tidlegare år syner svara at lagringsforholda er best for AV-materialet ved arkivinstitusjonane, der 45 % av respondentane kan svare at alt deira materiale oppbevarast i lokale egna for formålet. Dette er ein liten nedgang frå 2018.

Figur 23: Lagringsforhold for audiovisuelt arkivmateriale etter institusjonstype pr. 2019

*Dersom institusjonen har foto- lyd- og film/videomateriale, oppbevarast dette i lokale egna for langtidsbevaring av slikt materiale?*



For bibliotek og museum er talet betre enn i 2018, ved at 21 % kan svare at deira materiale kan lagrast på eigna måte. Den auka merkemda om dette materialet har truleg ført til betre oversikt hos institusjonane.


# TILGJENGE OG BRUK

## TILGJENGE TIL ARKIVKATALOGAR PÅ LESESAL OG NETT

Sjølv om ein ser ein auke i bruk av digitaliserte kjelder på nett, har lesesalane fortsett ei viktig rolle å spille i tilgjenge og bruk for publikum. På lesesalen kan brukarane få rettleiing av fagpersonar som har kunnskap om arkiv og søk i kjelder. Eit anna moment er at sjølv om mange arkivkatalogar er tilgjengelege på nett, så er arkiva uordna, og det manglar informasjon om kva arkivet inneheld. Særleg gjeld det mange privatarkiv og kommunale arkiv. For å finne fram er ein heilt avhengig av fagkompetanse og kunnskap om lokale forhold.


To av arkivinstitusjonane har ikkje tilgjenge til arkivkatalogar/arkivinformasjon på lesesal. Det er IKA Øst som er eit digitalt depot og Norsk Lydinstitutt som bevarer lydarkiv. Blant biblioteka og musea har 77 institusjonar tilgjenge til arkivinformasjon på lesesal.

Figur 24: Institusjonar med arkiv (kataloginformasjon) tilgjengeleg på lesesal etter institusjonstype pr. 2019



Tala for tilgjenge på lesesal seier ikkje noko om kva for slags katalogsystem som brukast, eller om arkivinformasjon er tilgjengeleg på andre stader. Før brukarane kjem på lesesalane, treng dei å vite kvar arkivmaterialet dei leitar etter finst og kva som finst. Arkivportalen er derfor utvikla som ei nasjonal publisering- og søkjeteneste til arkivkatalogar for bevaringsinstitusjonane. Tala i figur 25 viser at sjølv med ein liten auke på 3 % frå året før, er like fullt det at berre 44 % av bevaringsinstitusjonane publiserer på Arkivportalen eit lågt tal som nasjonal publisering- og søkjeløysing. 29 % har arkivinformasjon tilgjengeleg på eigen nettstad, og 17 % fortel at dei bruker andre nettstader. I tillegg kjem heile 48 % som ikkje gjer arkivkatalogane tilgjengelege digitalt.

Figur 25: Institusjonar som gir tilgjenge til arkiv (kataloginformasjon) på nett etter institusjonstype pr. 2019




Delen arkivinstitusjonar som gjer arkiva sine tilgjengelege på Arkivportalen er 81 % mot 34 % av biblioteka og musea. Det har vore ei positiv utvikling blant bibliotek/museum sidan delen har auka med 5 % frå 2018.<sup>14</sup>

Samstundes har talet på dei biblioteka og musea som ikkje har digitalt tilgjengelege katalogar lege stabilt på 54 %. For arkivinstitusjonane er det nokre færre som oppgir at dei ikkje gjer arkivinformasjon digitalt tilgjengeleg nokon stad, 26 % i 2019 mot 28 % året før.

Til samanlikning fortsett publikum som besøker Arkivportalen å minke. Sjølv om tala frå Arkivportalen viser ein auke både på kor mange bevaringsinstitusjonar<sup>15</sup> som publiserer og kor mange arkiv som er publiserte på Arkivportalen, minkar altså talet for publikumsbesøk. Arkivverket held oversikt med kor mange som besøker Arkivportalen, og forklarar dels nedgangen med at det i 2017-2018 blei lansert ein ny versjon av Arkivportalen. Innkøyringsproblema forklarar ikkje heile situasjonen. Arkivverket følgjer derfor opp kva for moglegheiter og behov det er for ein ny og forbetra nettkatalog som er tett integrert med Digitalarkivets tenester.<sup>16</sup>

Figur 26: Utvikling i tal på besøk i Arkivportalen 2017-2019



<sup>14</sup> Sjå elles under kapittelet "Bestand", side 3


<sup>15</sup> Bevaringsinstitusjonar er her å forstå i tyding depotinstitusjonar. Ein bevaringsinstitusjon kan ha fleire lokasjonar (eks. museumsavdelingar og statsarkiv) og eigen kode i ASTA og Arkivportalen.

<sup>16</sup> Arkivverket, Årsrapport 2019: <https://www.arkivverket.no/om-oss/hva-er-arkivverket/arsrapporter?q=%C3%A5rsrapport>

## BESØK, UTLÅN OG FØRESPURNADER PÅ LESESAL

Totalt fortsett også ein viss nedgang i lesesalsbesøk, og det same gjeld også for førespurnader. Her er nedgangen mindre markant enn for besøk på Arkivportalen.

Figur 27: Utvikling i førespurnader og lesesalsbesøk 2014-2019



Går ein inn i tabellen, er det Arkivverket som har hatt størst nedgang. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har derimot auka sine besøk og førespurnader. Og særleg gjeld det førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar som aukar med 5 841. Her har også Arkivverket auka, med 546 førespurnader.

Tabell 14: Tal på besøk, utlån og førespurnader på lesesal etter institusjonstype i 2019

Institusjonstype	Besøk på lesesal	Utlånte arkivstykke	Førespurnader totalt	Førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar
Arkivverket	15 800	39 700	22 400	11 826
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	7 925	10 730	26 933	17 358
Andre arkivinstitusjonar	1 349	5 331	1 800	35
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>25 074</b>	<b>55 761</b>	<b>51 133</b>	<b>29 219</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	1 784	6 230	2 621	7
Folkebibliotek	199	216	84	16
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 132	359	1 510	0
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>3 115</b>	<b>6 805</b>	<b>4 215</b>	<b>23</b>
<b>Museum</b>	<b>3 687</b>	<b>2 975</b>	<b>3 963</b>	<b>46</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>31 876</b>	<b>65 541</b>	<b>59 311</b>	<b>29 288</b>

Kva kan den store nedgangen i besøk på Arkivportalen skyldast? Og kvifor fortsett besøka på lesesalane å gå ned? Eit av svara kan vi nok finne når vi skal sjå nærare på Digitalarkivet.

## BRUK OG BESØK I DIGITALARKIVET

I statsbudsjettet for 2020 vedtok Stortinget at Digitalarkivet skal vere nasjonal fellesløyising for bevaring og publisering av historiske arkiv i Noreg. Målsettinga er at brukarane skal finne all arkivinformasjon frå stat, kommune og privat sektor samla på ein stad, uavhengig av om informasjonen finst på papir, foto, lyd, film eller er digitalt skapt. Det er Arkivverket som eig og forvaltar Digitalarkivet, og i 2019 opna Digitalarkivet for (fylkes)kommunale og private bevaringsinstitusjonar. Det er no til saman 26 bevaringsinstitusjonar som gjer arkiva sine tilgjengelege på Digitalarkivet. Fleire vil komme med, og har allereie teikna avtale med Arkivverket.


Tabell 15: Utvikling i tal på bevaringsinstitusjonar som publiserer kjelder på Digitalarkivet <sup>17</sup> 2017-2019

Bevaringsinstitusjonar som publiserer kjelder på Digitalarkivet	2017	2018	2019	Endring siste året
Samla tal	1	17	26	47 %
av desse, (fylkes)kommunale	-	8	15	-
av desse, private	-	5	5	-
av desse, andre*	-	3	5	-

\* Kategorien "andre" omfattar bevaringsinstitusjonar som er heilt eller delvis fullfinansiert av det offentlege, som nasjonale museum, men som ikkje har arkivplikt etter arkivlova. Dei er derfor, i denne samanhengen, likestilt med andre private bevaringsinstitusjonar.

Besøka på Digitalarkivet viser eit oppsving frå 2018 til 2019, talet på besøk har auka med 300 000 besøk, frå 5,9 millionar til 6,2 millionar. Frå og med 2018 blei Digitalarkivet skild ut frå Arkivverket sine andre nettstader, åra før viser derfor samla tal frå alle nettstadene til Arkivverket.<sup>18</sup> I 2019 var det 1,4 millionar unike brukarar som valde å besøke Digitalarkivet. Samanlikna med året før gir det ein auke på 400 000 nye personar som har sett på historiske kjelder på Digitalarkivet. Sett opp mot innbyggartalet i Noreg har heile ¼ eller 26 % av befolkninga brukt Digitalarkivet ein eller fleire gonger.

Figur 28: Utvikling i besøk på Digitalarkivet 2014-2019



<sup>17</sup> Tala er henta frå Arkivverket si årsmelding for 2019


<sup>18</sup> Besøkstal og nedlastingar for Digitalarkivet kan ikkje samanliknast med tidlegare år. Frå og med 2018 blei Arkivverket sine nettstader oppdatert, mellom anna blei Digitalarkivet skilt ut. Endringa gjer det mogleg å få ei ny og meir presis teljing av trafikken i Digitalarkivet.

Talet på nedlasta sider auka med 6 millionar frå 2018 til 2019 og tyder på at tendensen med å hente ut informasjonen ein treng frå nett aukar. Arkivverket vil følgje nøye med på endringar i bruk, og arbeider målretta med å gjere Digitalarkivet endå meir attraktivt og brukarvenleg for både bevaringsinstitusjonane og publikum.

## NETTSIDEBRUK I ARKIVINSTITUSJONAR

Tala på den totale nettsidebruken held seg derimot på omkring same nivå som tidlegare. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har hatt ein nedgang, medan Arkivverket og andre arkivinstitusjonar har hatt ein oppgang. Sjølv om Digitalarkivet berre har vore fellesløysing i knapt eit år, kan det hende noko av nedgangen skyldast ei *overføring* frå eigne nettstader til Digitalarkivet. Ein annan tendens er at arkivinstitusjonar som så mange andre flyttar aktivitetane over på sosiale media og kanskje av den grunn ikkje får talt på same måte som før.

Figur 29: Utvikling i tal summert på unike brukarar og besøk på nettstader i arkivinstitusjonar 2016-2019




Like fullt aukar talet unike brukarar på nettstadene. Sjølv om ein ikkje når toppåret i 2017, er det framleis nær 2,5 millionar som éin gong i løpet av 2019 har besøkt nettstaden til ein av dei 31 arkivinstitusjonane i Noreg.<sup>19</sup> Talet 2,5 millionar får vi når vi legg saman unike brukarar for nettstadene som arkivinstitusjonane har rapportert inn. Dei same brukarane kan derfor ha vore inne på fleire av nettstadene som er rapportert inn og vil difor vere talde fleire gongar.

<sup>19</sup> Tala er inkludert unike brukarar og besøk på Digitalarkivet.

# ÅRSVERK OG ØKONOMI

Som dei tidlegare kapitla tydeleg viser, så er det stor aktivitet knytt til bevaring, forvaltning og formidling av arkiv i dei norske bevaringsinstitusjonane. For å utføre dette arbeidet har dei 150 institusjonane som har svart på statistikken i 2019 samla sett ei bemanning på 843 arkivrelaterte årsverk, ein auke på 50 årsverk frå 2018. 722 av desse er arkivfaglege årsverk.<sup>20</sup> Dette er ein innrapportert oppgang på like under 30 årsverk frå 2018.

Figur 30: Utvikling i årsverk totalt knytta til arkiv i bevaringsinstitusjonane 2016-2019



Arkivinstitusjonane har ei bemanning på 775 arkivrelaterte årsverk, ein auke på 66 årsverk frå 2018. Rundt 650 av årsverka er arkivfaglege årsverk, ein auke på 37 årsverk frå 2018.

Den største auken finn vi i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Her er det innrapportert ein oppgang på heile 34 årsverk totalt frå 2018 (av desse er 28 arkivfaglege årsverk). Hovudgrunnen til den store auken ligg nok i kommunereforma. Det har vore naudsynt for dei (fylkes)kommunale institusjonane å auke bemanninga for å kunne møte ein auke i tal på arkiv som skal avsluttast og overførast, og også eit auka behov for rettleiing av kommunane. Av dei 447 årsverka totalt i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, er rundt 17 % mellombelse årsverk (76 årsverk). Dette er ein prosentvis auke i mellombelse årsverk frå året før, og heng nok også saman med kommunereforma og eit behov for ekstra tilsette i ein periode.

Også Arkivverket rapporterer inn fleire årsverk enn i 2018. Her er det ein innrapportert oppgang på 26 årsverk totalt frå 2018.

<sup>20</sup> Med omgrepet arkivrelaterte årsverk meinast alle årsverka oppgitt av arkivinstitusjonane + dei arkivfaglege årsverka i bibliotek og museum. Med omgrepet arkivfaglege årsverk meinast dei arkivfaglege årsverka i arkivinstitusjonane (dei «andre» årsverka holdast utanfor) + dei arkivfaglege årsverka i bibliotek og museum.

Dei andre arkivinstitusjonane rapporterer inn ein oppgang på 6 årsverk og av dei er 16 % av årsverka mellombelse (8 årsverk).

**Tabell 16: Årsverk totalt knytta til arkiv etter institusjonstype i 2019**

Institusjonstype	Totalt (dvs. arkivrelaterte)	Arkivfaglege	Andre
Arkivverket	278,40	214,06	64,34
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	446,75	406,30	34,50
Andre arkivinstitusjonar	49,35	32,25	17,10
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>774,50</b>	<b>652,61</b>	<b>115,94</b>
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	14,00	14,00	Ikkje svart
Folkebibliotek	0,75	0,75	Ikkje svart
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1,60	1,60	Ikkje svart
<b>SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV</b>	<b>16,35</b>	<b>16,35</b>	<b>Ikkje svart</b>
<b>Museum</b>	<b>52,59</b>	<b>52,59</b>	<b>Ikkje svart</b>
<b>SUM ALLE</b>	<b>843,44</b>	<b>721,55</b>	<b>115,94</b>

Musea og biblioteka oppgir berre arkivfaglege årsverk til statistikken. I 2019 rapporterer desse institusjonane samla å ha like under 70 arkivfaglege årsverk. Dette er ein nedgang på 18 årsverk frå 2018.<sup>21</sup> Biblioteka oppgir for 2019 å ha så lite som 16 arkivfaglege årsverk. Musea oppgir fleire årsverk enn biblioteka, men den samla summen på 53 årsverk utgjer likevel eit gjennomsnitt på berre 0,8 arkivfaglege årsverk per museum.

Det er berre arkivinstitusjonane som oppgir økonomital til statistikken. Til saman oppgir arkivinstitusjonane 991 640 455 kr i driftsmiddel og 937 417 550 kr i driftskostnader.

**Tabell 17: Økonomi i arkivinstitusjonar i 2019**

Institusjonstype	Driftsmiddel	Driftskostnader
Arkivverket	472 235 000	457 351 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	464 629 387	422 952 905
Andre arkivinstitusjonar	54 776 068	57 113 645
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>991 640 455</b>	<b>937 417 550</b>

Det er viktig å lese økonomitala med omhug, då fleire institusjonar kommenterer at det er vanskeleg for dei å oppgi eksakte tal på alt. Eksempelvis kan dette gjelde kostnader knytte til husleige og drift av lokale for dei institusjonane som deler lokale med andre eller husleiga er del av eit anna budsjett.

Tenesteområdet Arkiv er dessverre ikkje del av KOSTRA-rapporteringa, og det er derfor vanskeleg å halde god oversikt over kommunane sine økonomital knytt til denne oppgåva.

<sup>21</sup> Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv og spesialsamlingane) står for storparten av nedgangen. Tidlegare år har dei rapportert inn alle årsverk, men har i år rydda i tala og rapporterer no inn berre dei arkivfaglege årsverka. Denne institusjonen har aleine redusert tal på årsverk med 17 frå 2018 til 2019.



# ARKIVINSTITUSJONANE

Som tidlegare år ber ein arkivinstitusjonane om å rapportere inn aktivitetar mot allmenta. Dei svarer på spørsmål om tidsbruk nytta til ekstern rettleiing og annan kurs- og foredragsaktivitet, anten mot arkivskaparar eller mot det generelle publikummet. Dei svarer òg på spørsmål om aktivitet knytt til andre typar arrangement og utstillingar. I samanheng med kommunesamanslåingane, har arkivinstitusjonane dei seinare åra rapportert om høg aktivitet innan rettleiing. Denne utviklinga fortsette i 2019, med ein kraftig auke i dagsverk nytta til synfaring, tilsyn og rettleiing. Tabellen syner auka aktivitet hos alle kategoriar arkivinstitusjonar og aktivitetar frå 2018.

**Tabell 18: Rettleiing, kurs og deltakarar på kurs i arkivinstitusjonar i 2019**

Institusjonstype	Dagsverk synfaring, tilsyn, rettleiing	Tal på kurs for arkivskaparar	Deltakarar på kurs for arkivskaparar
Arkivverket	2 300	0	0
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	2 763	436	6 326
Andre arkivinstitusjonar	178	56	428
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>5 241</b>	<b>492</b>	<b>6 754</b>


Institusjonane har openbert prioritert å nytte tid til rettleiing mot arkivskaparar, ettersom talet på arrangement og foredrag er færre enn for 2018. Talet på arrangement er redusert med 86 og talet på foredrag med 81. Talet på utstillingar auka med 18, og denne auken er det hovudsakeleg dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane som står for. Dei aleine har auka med 19 utstillingar.

**Tabell 19: Arrangement, foredrag og utstillingar i arkivinstitusjonar i 2019**

Institusjonstype	Arrangement	Foredrag	Fysiske utstillingar
Arkivverket	116	45	1
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	115	190	47
Andre arkivinstitusjonar	32	54	19
<b>SUM ARKIVINSTITUSJONAR</b>	<b>263</b>	<b>289</b>	<b>67</b>


Arkivinstitusjonane nyttar i stigande grad sosiale media til å formidle til og kommunisere med omverda, og nesten alle institusjonane nyttar eiga nettside til formidling. Begge desse tala har auka frå året før. Tala for andre, og meir tradisjonelle kanalar, er noko lågare i 2019.

Figur 31: Formidlingskanalar i arkivinstitusjonar pr. 2019




24 (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar har svart på undersøkinga. Dei eigast og styrast av kommunar og fylkeskommunar, og institusjonane er interkommunale arkiv (såkalla IKA), fylkesarkiv og byarkiv. Nesten alle som har svart på undersøkinga oppgir at dei tilbyr depotordning for papirmateriale, medan 92 % svarer at dei tilbyr depot for elektronisk arkiv. Det siste representerer ein liten auke.

Figur 32: Tenester for arkiv i arkivinstitusjonar pr. 2019



Institusjonane tilbyr også ei rekke andre tenester til eigarane, slik som kurs, fagleg rettleiing og arkivfaglege møte. Ein stor auke frå førre måling syner at fleire av institusjonane hjelper eigarar med rådgjeving ved kjøp og innføring av elektroniske system for arkiv. I 2018 var dette tenester som 8 % av institusjonane gav tilbod om, medan det i 2019 var heile 88 % som gav dette tilbodet.

Figur 33: Andre tenester i arkivinstitusjonar pr. 2019



# OM STATISTIKKEN

Riksarkivaren har som oppgåve å hente inn årleg statistikk frå institusjonar som tar vare på historiske arkiv. Denne oppgåva låg tidlegare i Kulturrådet, men blei i 2014 formelt overført til Arkivverket etter at Arkivmeldinga (2013) foreslo ei slik overføring.<sup>22</sup>

Formålet med statistikken er å få eit overordna bilete av situasjonen for arkiva i arkivbevarande institusjonar, og å måle endringar over tid. Oversikta brukast til å definere behov for arkivsektoren, og nyttast av Riksarkivaren i arbeidet med rettleiing, i oppfølginga av bevaringsinstitusjonane, og i rolla som utviklingsaktør. Statistikken går også vidare til Statistisk sentralbyrå som publiserer utvalde tal i den årlege rapporten «Kulturstatistikk».<sup>23</sup>

Statistikken for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum, eller «Arkivstatistikken», for 2019 omfattar svar frå 150 institusjonar – 31 arkivinstitusjonar, 70 museum og 49 bibliotek (bibliotek-kategorien inkluderer folkebibliotek, fagbibliotek/dokumentasjonssenter og lokalhistoriske arkiv/samlingar). 163 institusjonar fekk tilsendt spørjeskjema, noko som betyr ein svardel på 92 % (100 % for arkivinstitusjonar, 99 % for museum og 80 % for bibliotek). Dei aller fleste institusjonane som har levert inn svarskjema har svart på tilnærma alle spørsmål, medan nokre få institusjonar har svart på berre nokre av spørsmåla.

Arkivstatistikken gir kunnskap om situasjonen i dei arkivbevarande institusjonane i Noreg, og høve til å følge utviklinga over tid. Det er likevel visse manglar ved statistikken slik at ikkje alt historisk arkivmateriale omfattast av denne statistikken. For statleg materiale dekker statistikken omtrent alt materiale, ettersom så å seie alle dei statlege verksemdene har Arkivverket som depot for sitt historiske arkivmateriale. Men for det kommunale materialet så omfattar statistikken berre det arkivmaterialet som er komme inn til dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (i statistikken kalla (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar; det vil seie byarkiv, fylkesarkiv og interkommunale arkivordningar). Historisk materiale frå kommunar som ikkje nyttar ei (fylkes)kommunal arkivordning fell utanfor arkivstatistikken. Per desember 2019 gjeld dette materiale frå ca. 6 % av kommunane i Noreg.<sup>24</sup>

For privatarkivmateriale dekker statistikken berre det materialet som er komme inn til institusjonane som får spørjeskjema. Arkivverket sender spørjeskjemaet til alle institusjonar som vi veit oppbevarer privatarkiv. Det finst fleire mindre aktørar, med frivillige (til dømes historielag og andre frivillige organisasjonar) som oppbevarer slikt materiale. Arkivverket kjenner ikkje til alle desse, og dei får derfor ikkje tilsendt spørjeskjema.

<sup>22</sup> Meld. St. 7 (2012-2013) – Arkiv

<sup>23</sup> Sjå: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk>

<sup>24</sup> Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane oppgjer å dekke 395 av 422 kommunar og fylkeskommunar i Norge per 2019.

# INDELING INSTITUSJONSTYPAR

## ARKIVINSTITUSJONAR

Arkivverket (Riksarkivet, statsarkiva, Samisk arkiv og Norsk Helsearkiv)

### Andre arkivinstitusjonar

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Misjons- og diakoniarkivet, VID

Norsk Luthersk Misjonssamband

Norsk Lydinstitutt

Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Stortingsarkivet

### (Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar

Arkiv i Nordland

Aust-Agder museum og arkiv

Bergen byarkiv

Drammen byarkiv

Folloarkivet

Fredrikstad byarkiv

Fylkesarkivet i Oppland

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Hordaland fylkesarkiv

IKA Finnmark

IKA Hordaland

IKA Kongsberg

IKA Møre og Romsdal

IKA Rogaland

IKA Troms

IKA Trøndelag

IKA Vest-Agder

IKA Øst

Oslo byarkiv

Stavanger byarkiv

Tromsø byarkiv og bibliotek

Trondheim byarkiv

Vestfoldarkivet

Østfold interkommunale arkivselskap

## MUSEUM

AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)

Anno museum

Arran Lulesamisk senter / Árran -

julevsáme guovdásj

Buskerudmuseet

Dalane folkemuseum

Davvi álbmogiid guovddáš - Senter for nordlige folk

Deanu ja Varjjat museasiida - Tana og

Varanger museumssiida (IKKJE SVART)

Drammens museum for kunst og kulturhistorie

Falstadsenteret

Forsvarets museer

Gudbrandsdalsmusea AS

Hardanger og Voss Museum

Haugalandmuseene

Helgeland museum

Ivar Aasen-tunet

Jødisk Museum i Oslo

Jødisk museum i Trondheim

Kistefos-Museet

Midt-Troms Museum

Mjøsmuseet

Musea i Sogn og Fjordane

Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark

Museene i Akershus (MIA)

Museene i Sør-Trøndelag A/S

Museet Midt

Museum Nord

Museum Stavanger AS

Museum Vest

Museumssenteret i Hordaland

Narvik krigsmuseum

Nordlandsmuseet

Nordmøre museum, stiftelsen

Nord-Troms museum

Norsk Bergverksmuseum  
Norsk Jernbanemuseum  
Norsk Luftfartsmuseum  
Norsk Oljemuseum  
Norsk Skogfinsk Museum  
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum  
Norsk vegmuseum  
Oslo Museum  
Perspektivet Museum  
Preus museum  
PUNKT Ø AS  
Randsfjordmuseene AS  
RiddoDuottarMuseat  
Romsdalsmuseet  
Ryfylkemuseet  
Saemien Sijte  
Skimuseet i Holmenkollen  
Stiftelsen Kulturkvartalet  
Stiftelsen Lillehammer museum (inkl.  
Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)  
Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst  
Stiftelsen Norsk Folkemuseum  
Stiftelsen Norsk Teknisk museum  
Stiftinga Jærmuseet  
Stiftinga Sunnmøre Museum  
Stiklestad nasjonale kultursenter  
Sunnhordland museum  
Svalbard museum  
Sør-Troms Museum  
Telemark Museum  
Tromsø museum  
Valdresmusea AS  
Varanger museum  
Várdobáiki samisk senter  
Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum  
Vest-Agder-museet  
Vest-Telemark museum  
Vigeland-museet  
Østfoldmuseene

## BIBLIOTEK

### Fagbibliotek/dokumentasjonssenter

Arbeiderbevegelsens arkiv Hedmark  
Arne Bjørndals samlinger; Universitetet i  
Bergen (IKKJE SVART)  
Det teologiske Menighetsfakultet Historisk Arkiv  
Finnmark fylkesbibliotek  
Folkemusikkarkivet i Telemark  
Folkemusikkarkivet NRK  
HL-senteret  
Nasjonalbiblioteket  
Norges geologiske undersøkelse bibliotek  
Norsk polarinstitutt, biblioteket  
NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim  
Universitetsbiblioteket i Bergen (inkl. Skeivt arkiv  
og spesialsamlingane)  
Universitetsbiblioteket i Tromsø

### Folkebibliotek

Alvdal bibliotek  
Asker bibliotek  
Ballangen folkebibliotek  
Brønnøy bibliotek  
Bærum bibliotek  
Hamarøy bibliotek (IKKJE SVART)  
Harstad bibliotek  
Haugesund folkebibliotek  
Karmøy folkebibliotek  
Kristiansand folkebibliotek (IKKJE SVART)  
Kristiansund bibliotek  
Kvæfjord folkebibliotek (IKKJE SVART)  
Levanger bibliotek  
Loppa folkebibliotek (IKKJE SVART)  
Meråker (kombinasjons)bibliotek  
Namsskogan folkebibliotek  
Notodden bibliotek  
Ringerike bibliotek  
Rjukan bibliotek (IKKJE SVART)

Røros folkebibliotek  
Selje folkeboksamling  
Sirdal folkebibliotek  
Skiptvet bibliotek  
Sola folkebibliotek (IKKJE SVART)  
Spydeberg bibliotek  
Sula Bibliotek  
Surnadal folkebibliotek  
Time bibliotek  
Tingvoll bibliotek  
Vennesla bibliotek  
Verdal bibliotek

### **Lokalhistoriske arkiv/samlingar**

Drangedal historielag  
Eiker arkiv  
Flesberg historielag  
Gol bygdearkiv  
Hedrum historielag (IKKJE SVART)  
Hemsedal bygdearkiv (IKKJE SVART)  
Hol bygdearkiv  
Jølster lokalhistorisk arkiv (IKKJE SVART)  
Lier historielag  
Lokalhistorisk senter Horten  
Nore og Uvdal bygdearkiv (IKKJE SVART)  
Rakkestad lokalsamling  
Sauda lokalarkiv (IKKJE SVART)  
Ski lokalhistoriske arkiv  
Sogndal lokalhistorisk arkiv (Sogndal bibliotek)  
Ål bygdearkiv  
Ås kommunes lokalhistoriske arkiv